

Innspel til Riksantikvaren strategi for samarbeid med frivillig sektor

Noregs Ungdomslag (NU) er ein kulturorganisasjon som skaper levande lokalkultur. Organisasjonen vart stifta i 1896 og er blant dei eldste frivillige organisasjonane i Noreg. I dag har vi om lag 14 000 medlemmer og 380 lokallag rundt om i heile landet.

Vi har eit ansvar for å ta vare på og stadig aktualisere den tradisjonelle folkekulturen. Dette gjer vi for å styrke lokalsamfunna over heile landet. Medlemmene våre får høve til å utøve både tradisjonelle og nye kulturuttrykk, samtidig som dei lærer å organisere aktivitetane. Med det styrker vi òg samfunnet og demokratiet. Særmerket ved organisasjonen vår er alle ungdomshusa, grendehusa, samfunnshusa; dei kulturelle ballbingane våre. NU er opptatt av for å kunne samle oss til aktivitet, fest, kreativ utvikling, galskap og moro, treng vi alle ein stad å vere. Eit rom for kultur.

NU er i slutfasen for å bli godkjent som NGO av UNESCO.

Generelle innspel til frivilligstrategien

Kulturminne og kulturmiljø er viktige ressursar for samfunnet og korleis de kan bidra i miljømessige, kulturelle, sosiale og økonomiske perspektiv. Kulturmiljøforvaltning og kulturminnepolitikk angår alle. Vi har alle både rett og ansvar i å engasjere oss og ta ansvar for kulturminne, kulturmiljø og landskap.

NU ser på Riksantikvaren sitt arbeid med frivilligstrategi som eit viktig skritt for å løfte og skape enda større aksept for det frivillige kulturmiljøarbeidet i offentleg forvaltning. Vi trur òg frivilligstrategien kan medverke til å auke den gjensidige forståinga om korleis frivilligheita og kulturmiljøforvaltninga i fellesskap kan skape eit sterkare og meir kompetent miljø for å ivareta vår felles kulturarv. Vi er spesielt glad for at Riksantikvaren understrekar betydninga av å legge til rette for gode løysingar for medverknad.

Mykje av det frivillige kulturarbeidet er i skjæringspunktet mellom kulturformidling og kulturminnearbeid. Viktig fokus i frivilligstrategien bør difor vere korleis ulike statlege organ kan bli enda betre på sektorovergripande samarbeid. Her er vi samd med innspel frå andre frivillige organisasjonar om at Riksantikvaren bør koordinere slikt arbeid.

På same måte bør frivilligstrategien sjå på t.d. incentivordningar (både innafor kulturmiljøfeltet, men òg ulike tilskotsordningar som spelemiddelordninga for lokale kulturbygg, Studieforbundet kultur og tradisjon, mva. kompensasjon osv.) og om desse ordningane er tilstrekkeleg for å nå statlege målsettingar i kulturmiljøfeltet. På same måte bør frivilligstrategien diskutere om det i dag eksisterer ordningar som motverkar arbeidet med å ivareta viktige kulturminne eller kulturmiljø.

Frivilligstrategien vil ha stor betydning for mange lag og organisasjonar som arbeidar i kulturfeltet. NU ber difor om at strategien vert omsett til både bokmål og nynorsk, som likestilte målformer i Noreg.

Organisasjonseigde kulturhus

I Noreg er det omfattande organisasjonsarbeidet eit av kjenneteikna bak demokratiseringsprosessane i den gryande nasjonsbygginga på 1800-talet. Mykje av dette organisasjonsarbeidet tok stad i ungdomshus og lokale forsamlingshus. Både innanfor ungdomslagsrørsla og andre frivillige

organisasjonar, som bedehusrørsla og losjerørsla, har det vore bygd ein rad særprega kulturbygg i landet.

Noregs Ungdomslag har gjennom prosjektet Huset i Bygda (HiB) tatt initiativ til å kartlegge alle organisasjonseigde hus i Noreg. Prosjektet skal gi ein oversikt over og vere ein ressurs for dei organisasjonseigde husa rundt om i heile landet – ungdomshusa, grendehusa, samfunnshusa, bedehusa og bygdehusa. Prosjektet starta i Sogn og Fjordane i 2010. I dag er vi aktiv i Vestland og Trøndelag fylker, mens vi avslutta eit treårig prosjekt i Møre Romsdal i 2021. Gjennom prosjektet har vi òg kontakt med organisasjonseigde kulturhus over heile landet. Kartlegging utført av HiB syner at det truleg finns om lag 5 000 organisasjonseigde kulturbygg i Noreg. Her finn vi bygg med både høge arkitektoniske kvalitetar, men òg viktig dokumentasjon om demokratiseringsprosessar, mållagsrørsla, lågkristeleg organisasjonsarbeid mm.

Vi finn mange døme på at viktige norske arkitektar har teikna både hus og inventar i desse husa. Her kan vi m.a. vise til at Johan Lindstrøm teikna fleire ungdomshus i Sogn og Fjordane og Hordaland og arkitekten Øyvind B. Grimnes teikna fleire ungdomshus i hus i Møre og Romsdal. Mange av husa vart reist av dyktige lokale tømrarar og handverkarar som vitnar om lokal byggeskikk. Det er òg mange døme på framifrå utsmykkingsarbeid i desse husa. Døme på dette er ungdomshusa Fjellvarden i Stryn kommune og Skogvang i Aure kommune. Mange av husa er ikkje kartlagd og det er fare for at viktige kulturminneverdiar vert forringa eller øydelagd om husa ikkje vert registrert.

Dette er hus som har spelt og som spelar ein betydeleg rolle i utviklinga av det norske samfunnslivet. Desse husa er framleis viktige som arena for frivillig kulturarbeid og utøving av dans, teater, bunadsarbeid, og anna kulturarbeid. Det er viktig å ivareta desse husa og utvikle dei vidare. Mange av husa er og midtpunkt i grender og bygdelag og fungerer som motvekt til sentralisering. Dei bidreg òg til auka bulyst i distrikta.

Det er behov for auka kunnskap, både hjå forvaltning og eigarar, om potensielle verneverdiar. NU trur at HiB i enda sterkare grad kan medverke som kunnskapsleverandør på dette feltet. Vi meiner difor at desse husa og arbeidet til HiB bør ha ein naturleg plass i arbeidet med frivilligstrategien til Riksantikvaren.

Innspel til visjon for frivilligmeldinga

I utkastet til frivilligmelding føreslår Riksantikvaren følgjande visjon for arbeidet:

«Kulturmiljøforvaltningen bidrar til at frivillig sektor har en sentral og uavhengig rolle i arbeidet med å nå de nasjonale målene for kulturmiljøpolitikken og ivareta og formidle kulturminner og kulturmiljø som ressurs i samfunnsutviklingen.»

Noregs Ungdomslag meiner at visjonen gir ein viktig retning for arbeidet, men er samstundes bekymra for vi vi kan hamne i eit utilsikta spenningsforhold mellom at frivilligheita på dei eine sida skal hegne om sin uavhengige rolle, men samstundes medverke til å legitimere nasjonale mål for kulturmiljøpolitikken.

Noregs Ungdomslag føreslår difor følgjande visjon for frivilligmeldinga:

«Kulturmiljøforvaltningen bidrar til at frivillig sektor har en sentral og uavhengig rolle i arbeidet med å ivareta og formidle kulturminner og kulturmiljø som ressurs i samfunnsutviklingen.»

Dette er òg i tråd med målsetningane og dei strategiske satsingane til Riksantikvaren som vi sluttar oss til.

Punkt 3. Samarbeidsarenaer mellom kulturmiljøforvaltninga og frivillige organisasjonar

NU meiner at Huset i Bygda og arbeidet vårt med å skape rom for kultur og ivareta og utvikle den immaterielle kulturarven, gjer oss særst relevant i den «bilaterale gruppa, som arbeidar innfor eit smalare interessefelt, eller der arbeidet med kulturmiljø er ein mindre del av verksemda. Vi be difor om å bli inkludert i deltakarlista.

Skisse til handlingsplan 2022-2025

Noregs Ungdomslag ber om at prosjektet HiB vert inkludert som satsing. HiB er i dag den einaste kunnskapsleverandøren når det gjeld organisasjonseigde kulturhus, mellom anna for å få oversikt over verneverdige organisasjonseigde hus, kompetansebehov og oversikt over kostnader knytt til vedlikehald og restaurering av husa. Vi trur difor at Huset i Bygda kan vere avgjerande i arbeidet for å at forvaltninga får oversikt over organisasjonseigde hus og kva verneverdiar husa kan ha. Her viser vi òg til at Riksantikvaren har føreslått ny bevaringsstrategi, felleskapets kulturminner, som understrekar ytterlegare behovet for å få oversikt over slike kulturbygg.

Med helsing

Kai Roger Vatne
Generalsekretær Noregs Ungdomslag

Christoffer Knagenhjelm
Rådgjevar for kulturbygg

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift